



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	06.04.2022	22/052
Eidfjord kommunestyre	02.05.2022	22/034

## **Varsel om oppstart og vedtak om utlegging til høyring og offentlig ettersyn - kommuneplanen sin arealdel**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 vert planprogram for kommuneplanen sin arealdel lagt ut på høyring og til offentlig ettersyn. Det vert samstundes varsla oppstart av planarbeidet med heimel i pbl. §§ 4-1, 11-12, 11-13.

Frist for uttale vert jf. pbl. § 11-13 satt til seks veker.

Vedtak som innstilling frå Eidfjord formannskap - 06.04.2022 - 22/052

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 vert planprogram for kommuneplanen sin arealdel lagt ut på høyring og til offentlig ettersyn. Det vert samstundes varsla oppstart av planarbeidet med heimel i pbl. §§ 4-1, 11-12, 11-13.

Frist for uttale vert jf. pbl. § 11-13 satt til seks veker.

### **06.04.2022 - Eidfjord formannskap**

#### **Røysting:**

Samrøystes vedteke.

### **FSK - 22/052 - Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 vert planprogram for kommuneplanen sin arealdel lagt ut på høyring og til offentlig ettersyn. Det vert samstundes varsla oppstart av planarbeidet med heimel i pbl. §§ 4-1, 11-12, 11-13.

Frist for uttale vert jf. pbl. § 11-13 satt til seks veker.

### **02.05.2022 - Eidfjord kommunestyre**

#### **Gildskap:**

Timo Knoch (AP) stilte spørsmål om sin gildskap i saka, då han framover skal vere med i arbeidsgruppa som skal jobbe med dette.

**Røysting gildskap:**

Timo Knoch (AP) vart samrøystes vedteke som gild.

**Røysting sak:**

Samrøystes vedteke.

**KST - 22/034 - Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 vert planprogram for kommuneplanen sin arealdel lagt ut på høyring og til offentleg ettersyn. Det vert samstundes varsla oppstart av planarbeidet med heimel i pbl. §§ 4-1, 11-12, 11-13.

Frist for uttale vert jf. pbl. § 11-13 satt til seks veker.

**Vedlagt:**

Utarbeidd planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel.

**Vedtak skal sendast til:**

Planprogram og vedtak skal leggjast ut til offentlegheita, delast på kommunen sine heimesider og kunngjerast i Hardanger Folkeblad og Avisa Hordaland.

**Endeleg avgjerd i:**

Kommunestyret

**Saka gjeld:**

Eidfjord kommunestyre vedtok 03.06.2021 at arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel skulle starta opp.

Rådmannen og politisk styringsgruppe har utarbeidd eit forslag til planprogram for arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Pbl. § 4-1 syner at ved utarbeiding av regionale planar og kommuneplanar, og andre reguleringsplanar som kan ha vesentleg verknad for miljø og samfunn, vert det kravd som eit ledd i varslinga av planoppstart, utarbeiding av eit planprogram.

Planprogrammet skal gjera rede for føremålet med eit planarbeid, planprosessen med frister, plan for deltaking og medverknad. Eit planprogram skal leggjast på høyring og til offentleg ettersyn samstundes med varsling av planoppstart. Planprogrammet skal fastsetjast av planmyndigheita.

Me har fått innspel etter møte i regionalt planforum, kor til dømes Statens vegvesen, NVE, Kartverket, Direktoratet for mineralforvaltning, og representantar frå statsforvaltar og fylkeskommune var til stades. I tillegg har me hatt møte internt med den administrative arbeidsgruppa og den politisk valde styringsgruppa for innspel.

Planprogrammet skal setja rammene med sentrale tema og mål for rulleringsprosessen. Programmet tek føre seg dei store linene for kommunen sitt areal.

Dei sentrale temaene framlagd i planprogrammet er i hovudsak bassert på gjeldande samfunnsdel, samt politiske ynskjer og naudsynte oppdateringar siden sist arbeid på arealdelen vert gjennomført.

Det vert samstundes med at planprogrammet vert lagt på høyring, varsla oppstart av

planarbeidet via kommunen sine heimesider, i Hardanger Folkeblad og Avisa Hordaland.

**Vurdering:**

Rådmannen legg med dette fram forslag til planprogram for handsaming av formannskapet, som fattar vedtak om utlegging til offentlig ettersyn og på høyring for innspel på dei store rammene i planarbeidet. Me oppmodar om at det kjem innspel som gjeld rammene og måla for planarbeidet, og arealbruken i store trekk.

Me presiserer at spesifikke innspel til konkret arealbruk skal koma seinare i prosessen, etter at planprogrammet er fastsett. Konkrete arealbruksinnspel vil etter planen verta teke i mot i løpet av hausten 2022.

Geir Underhaug  
rådmann

Kommedal, Anne  
sakshandsamar

Rett utskrift: